

# Årsmelding for året 2010



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

- Leiar: Edle Holmin
- Nestleiar: Liv Jorunn Nyhagen
- Kasserar: Andreas Eikrem
- Sekretær: Ida Kristine Standal
- Styremedlem: Vigdis Sandø
- 1. vara: Ann Lajla Brungot
- 2. vara: Ragnhild Ekorndrud

Styret har i alt hatt 11 styremøter.

I tillegg har vi hatt ei aktivitetsgruppe som har bestått av:

- \* Synnøve Nedrelid
- \* Silje Klepp
- \* Liv Jorunn Nyhagen
- \* Ragnhild Ekorndrud
- \* Ida Standal

Vi har hatt totalt 42 medlemmer i løpet av året, og 27 av dei har betalt baneleige.

## Den nye ridebana

Det store nye i året som har gått er at klubben har fått opp ei 40x80 meters ridebane ved Rotevatnet hjå grunneigar Bjørn Rotevatn. I tillegg har vi fått ei kontrakt på at vi får halde til der i 45 år med moglegheit for forlenging. Så endeleg har vi ein stad å vere, og utsiktene for å setje opp ein ridehall ser lyse ut.

Entreprenørane våre er i gang med å legge ned straum og vatn og setje opp to lysmaster på bana. Dessverre har dei vorte stoppa av telen og kulda i desse tider, så dei vil fortsette å grave på grøfta når det vert mildare.

I tillegg har vi kjøpt inn ein container som fungerer som klubbhus og fått Byggfag i Ørsta til å lage ei dommarbu til oss. Til våren er planen å få på plass eit toalett og innreie klubbhuset med kiosk og sekretariat. Då blir det kjekkare å arrangere stemner framover, med nødvendige fasilitetar på plass.

## Dugnader

Vi har hatt i alt 7 dugnader på ridebana i år, der vi har satt opp gjerdet rundt bana og malt det eitt strøk. I tillegg har vi malt dommarboda, fått satt opp kompostbinge til hestemøkk og laga ein slådd til å jamne grusen på bana.

### **Kurs og anna**

Første kurset vi hadde på den nye ridebana var køyrekurs med Gunnar Bruland. Gjerdet var ikkje på plass og noko av grusen mangla, men kurset vart gjennomført med mange nøgde medlemmar som fekk prøve bana for første gong. Elles har det vore faste treningar med instruktørane Anja Kirkteig og Matilde Brogge omlag ein gong i veka. Vi har også hatt eit køyrekurs til med instruktørane Atle og Ina Henden. I oktober fekk vi arrangert eit juniorkurs for barn og unge. 12 hestar og leiarar med instruktør stilte opp og gav ungane ei flott og lærerik helg. I tillegg har vi hatt faste innslag med barneriding både på ridebana, i sentrum og på Haualeitet.

### **Stemner og resultat**

Under årets fjordhest-NM som denne gongen vart arrangert i Ørsta, tok laget frå Volda (som bestod av Ragnhild Ekornrud med Rakne Frikk, Liv Jorunn Nyhagen med Pokemann og Anna Sve med Gjelsvik Svint) sølvmedaljen. Liv Jorunn vart også greinmeister i dressur under NM.

Elles har klubben stått som arrangør under i alt fem stemner i år der tre av dei har vore i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb. Vi har arrangert tre klubbstemner i dressur, eit d-stemne i sprang og eit d-stemne i køyring.

Vi ser fram til ein ny vår og sommar med mykje aktivitet no når bana vår er på plass!

*Skrive av leiar Edle Holmin*